

Sjekkliste for VA-rammeplan

Type anlegg som er omfatta av planen

Set kryss for det type tiltak som er omfatta av planen

<input type="checkbox"/>	Offentleg VA-anlegg	<input type="checkbox"/>	Private VA-anlegg
<input type="checkbox"/>	Offentleg Veganlegg	<input type="checkbox"/>	Private Veganlegg

Tiltakshavar	
Utførande konsulent	
Prosjektnamn:	
Gards- og bruksnummer:	
Arealplan-ID:	

Skjekklista skal dokumentere at omtalt punkt er skildra i VA-rammeplan eller på teikningar

Punkt	Skildring	Ref. og levert (dato)	Godkjent (dato)
1	Informasjon om omfang av tiltak:	VA - rammeplan	
1.1	Innleiing: Kort bakgrunn for utarbeiding av planen		
1.2	Planbeskriving: Kort oppsummering av reguleringsplanen sitt formål og hovudgrep på forhold som påverkar løysinga for vatn, avløp og overvatn		
1.3	Eksisterande forhold: Omtale av eksisterande VA-struktur, både i området og system for tilknytning. Skal visast i vedlegg/kart/notat for hovudsystem for vatn og avløp.		
1.4	Prinsipløysing for VA: Overordna løysingar for korleis vassforsyninga og avløpshandteringa skal løysast i området. Hovudtrase for ny infrastruktur. Korleis kvart delfelt skal knytast til hovudsystemet. Tilknytning til eksisterande VA – nett. Krav til eventuelt nye pumpestasjonar, trykkaukestasjonar, overløp etc. Skal presenterast i vedlagt kart.		
1.5	Vassforsyning: Vassforbruk, brannvassbehov og dimensjonerande vassføring. Dimensjoner for nye hovudleidningar. Vurdering av forsyningsikkerheita til området.		
1.6	Avløp: Spillvassproduksjon i området. Høgde og fallforhold. Dimensjonar for nye hovudleidningar.		
1.7	Overvasshandtering: Tette flater og avrenningskoeffisient frå områda. Overvassavrenning før og etter utbygging. Omtale og dimensjonering av overvasssystem.		
1.8	Flaum og flaumvegar: Analyse/vurdering av om tiltaket kan vera flaumutsette. Kartlegging av flaumvegar i området og ut til resipient. Skal visast i vedlagt flaumvegkart. Omtale av korleis dei planlagde flaumvegane skal opparbeidast. Løysing for å sikra at vatnet faktisk går der det er vist i kartet.		
1.9	Signering med dato og tid:		

RETTLEIING FOR UTARBEIDING AV RAMMEPLAN FOR VATN OG AVLØP

Bakgrunn

Det skal utarbeidast rammeplan for vatn og avløp (VA-rammeplan) for alle reguleringsplanar. Dette kjem òg fram av VA-norma kap. 3.0.

Til førstegongsbehandling av alle reguleringsplanar skal det inngå rammeplan for vatn og avløp. Planen skal vise prinsipløysing for vatn og avløp i området og samanheng med eksisterande system. Handtering av overvatn og alternative flaumvegar skal visast i rammeplanen. Bakgrunnen for denne føresegna er at dei fleste vassrelaterte forhold må avklarast tidleg i reguleringsprosessen for at det skal vere mogeleg å finne gode løysingar. I mange tilfelle vil for eksempel sikring av flaumvegar eller areal til handtering av overvatn kunne medføre behov for endring i reguleringsplanen. Behov for nye pumpestasjonar eller andre bygningar knytt til vatn og avløp er andre forhold som må inn i reguleringsplanen. Dette understrekar behovet for slike utredningar parallelt med reguleringsarbeidet.

Denne rettleiinga er utarbeidd for å utdjupe kommunen sine forventningar til VA-rammeplanane sitt innhald for ulike former for reguleringsplanar.

Generelle krav til VA-rammeplanar

VA-rammeplanen skal vise tydeleg korleis dei ulike forholda knytt til vassforsyning, avløpstransport, handtering av overvatn og flaum skal handterast. Det er hovudsakeleg snakk om prinsipp og overordna løysingar, men det kan vere behov for dimensjonering for å synleggjere arealbehov eller omfanget av infrastrukturen.

Først og fremst skal løysingar innanfor reguleringsområdet kome fram, men fleire forhold også utanfor området kan vere aktuelle. Til dømes må flaumvegar vurderast for heile nedslagsfeltet, både oppstraums og nedstraums feltet og internt i området. I tillegg skal koplinga til eksisterande system kome tydeleg fram av VA-rammeplanen. For å vise at nedstraums eller tilstøytane anlegg har nødvendig kapasitet, må i mange tilfelle også system utanfor reguleringsområdet vurderast.

Forholdet til annan infrastruktur må òg avklarast. Normalt ligg både VA-infrastrukturen og annan infrastruktur som høgspenkablar og fiber etc. i vegareal. Det er derfor viktig å sikre tilstrekkeleg vegbreidde til den infrastrukturen som vert planlagt. Også tilstrekkeleg avstand til bygningar og konstruksjonar (fire meter som hovudregel) skal sikrast gjennom VA-rammeplanen.

VA-rammeplanen skal vere oversiktleg og gjere informasjonen lett tilgjengeleg. Han er eit vedlegg til sjølv reguleringsplanen, men skal vere slik utforma at han òg kan lesast isolert. Dette medfører at alle referansar til område eller delfelt skal kome fram i rammeplanen.

VA-rammeplan for ulike typar reguleringsplan

Omfanget av VA-rammeplanen vil naturleg variere ut frå reguleringsplanens type, storleik og kompleksitet. Dei generelle krava til VA-rammeplan gjeld i prinsippet for alle reguleringsplanar, men avsnitta under skildrar forventningar til VA-rammeplanen sitt innhald og omfang for ulike typar reguleringsplanar.

Områdereguleringar

I kommunen sine store områdereguleringar er det svært viktig at dei store linjene innanfor vatn og avløp er klarlagde. Prinsipløysingar for området, plassering og dimensjoner for hovudsystema, korleis kvart delfelt skal knytast til hovudsystemet, kartlegging av flaumvegar og løysing for overvatnet må kome fram. VA-rammeplanen for slike reguleringar vil i dei fleste tilfelle verta forholdsvis omfattande, og det må påreknast ein betydeleg innsats for å få dette på plass.

Detaljregulering av felt

Også ved regulering av felt der det naturleg skal opparbeidast vatn- og avløpsanlegg som kommunen skal overta, vil det vere behov for ein VA-rammeplan som er basert på sjekklista. Som for områdereguleringane vil det her vere snakk om forholdsvis omfattande planar, men omfanget vil naturleg minke med planen sin kompleksitet og storleik.

Mindre reguleringsplanar

I mindre reguleringsplanar, der ein typisk regulerer inn f.eks. eitt eller to hus, kan det stillast enklare krav til VA-rammeplanen enn for dei større planane. Det vil likevel vere behov for kartlegging og vurderingar. I tillegg til å vise tilknytning til eksisterande nett og å vise at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dette nettet, vil det vere viktig å gjere flaumvurderingar for tiltaket. I tillegg må løysinga for handtering av overvatn kome fram.

Regulering av vegar og uteareal

Også for reguleringsplanar som berre har til formål å regulere inn nye vegar, skal det utarbeidast ein VA-rammeplan. Omfanget av VA-rammeplanen for ei slik regulering vil variere mykje. For større vegutbyggingar eller der vegplanen medfører behov for å flytte eksisterande infrastruktur, vil det ofte måtte etablerast ein komplett VA-rammeplan. For mindre vegplanar som ikkje kjem i konflikt med VA-infrastrukturen, kan det vere aktuelt med en forenkla rammeplan. Fleire forhold må likevel avklarast som plassering av infrastruktur i grunnen, avrenning av overvatn og flaumvegar.

Oppdateringsplanar

Der reguleringa ikkje endrar arealbruken, men der reguleringsplanen blir oppdatert i samsvar med dagens arealbruk, må behovet for å utarbeide VA-rammeplanar vurderast. For mange oppdateringsplanar kan det vere aktuelt å opne for enkelte tiltak utover det eksisterande. Ved desse høva må det utarbeidast VA-rammeplanar som omfattar dei nye tiltaka. Til dømes må det for ein oppdateringsplan som òg opnar for etablering av to nye einebustader, utarbeidast ein forenkla VA-rammeplan som omfattar både VA-rammeplan for ei mindre regulering og for ein oppdateringsplan.